

Langøy

TEMA: *Kremmerleier* ⑩105,
Byen og strilelandet ⑩71
KART: ⑩440

Fram til 1842 måtte ein ha kongeleg privilegiebrev for å ha lov til å driva handel. Etter lova var det berre byborgarar som kunne få slikt privilegium, og i Hordaland var det såleis bergenske kjøpmenn som åtte og dreiv handelsstadene. I 1842, gjennom ei liberalisering av handelslovgjevinga, fall privilegieordninga bort, og kven som helst kunne søkja kommunestyret om løyve til å driva handelsverksemd. LANGØY er ein av desse handelsstadene som kom til i denne perioden.

Handelsstaden på Langøyna er sett i god stand.



STRILELANDET

Det er eit faktum at det har vore stor kulturell avstand mellom den kosmopolitiske byen Bergen og det næraste omlandet, strilelandet, gjennom mange hundreår. Dette har gjeve seg utslag i oppfatningar av kystbygdene som fattige og tilbakeståande i nærings samanheng og kulturutvikling; oppfatningar som gjerne er farga av bymenneskets «briller».

Ein av dei som hadde meir syn for det kulturelle eigenverdet bygdene hadde, var

teologen og sosiologen EILERT SUNDT. Studiane hans av husliv, reinhald, husflid og byggjeskikk på bygdene gav han eit langt meir positivt syn på bygdekulturen kring midten av 1800-talet enn det mange av hans meir bornerte akademiske åndsbror hadde. Men om dei ytre bygdene på strilelandet hadde sjølv ikkje Sundt alltid førstehands kunnskap. I boka om «Huslivet i Norge» i 1873 skriv han: «Havstrilernes oer ere jo næsten berømte – så tidt har man hørt bergensernes fremstilling om den uhumskhed og stakkarsdom, som der skal være». Som svar på ei spørjeliste han hadde sendt ut for å få merknader til det store arbeidet «Om Renlighedsstellet i Norge», hadde han mellom andre fått ei utgreiing frå landhandler JUUHL i Fjell kommune på Sotra.

Eilert Sundts reiser i kyststrøka i Hordaland må ha vore heller sporadiske. Krotting hadde han berre sett i ei einaste stove på Herdlevær i Øygarden. Det var til og med i ei kakkelomnsstove. Vi veit at skikken med å krota stovene til dei store høgtidene må ha vore utbreidd (⑩281, ⑩300, ⑩370).

Strilekone. Foto kring 1920.



DÅ ANDERS og RAKEL LANGØEN Dopna handelsbu på Langøyna kring 1890, var det langt mellom handelsstadene, og opplandet var såleis stort. Frå store deler av Fjell – og frå andre bygder – rodde folk til Langøyna for å handla. Staden vart viktig når fiskeflåten skulle utstyrast. Her var det bakeri, fiskemottak og salteri. Her var også dampbåtekspedisjon, rikstelefontentral og postopneri. Staden hadde såleis dei fleste viktige senterfunksjonane.

Så lenge sjøen var vegen, kunne ei handelsbu på ei lita øy vera ein sentral stad for kystfolket. Når bilen kjem i staden for robåten, vert sjøen stengsel og ikkje lenger veg. Dette fekk Langøy merka. Handelsopplandet skrumpa også sterkt inn etter kvart som det kom til fleire handelsstader. Post, telefon og rutebåt vart borte, og i 1962 var det ikkje grunnlag for å driva denne handelsstaden lenger. □

TURØYVARDEN



Sjømerke som krossar, vetar og vardar har vore viktige element i eit system for å kunna ta seg fram i den vestnorske skjergarden opp gjennom tidene. Vi finn ein heil del mindre tømura vardar langs mange strekningar av norskekysten. Desse vardane er som regel plasserte på det høgaste punktet på øyar og holmar. Det er ikkje usannsynleg at dei fleste av desse vardane går attende til vikingtida i si noverande form. Dei mindre vardane kan danna kjernen i nyare og større vardar reiste av Fyr- og Merkevesenet i nyare tid.

TURØYVARDEN er eit slikt sjømerke. Det ligg på det høgaste punktet på Turøy ut i havgapet vest for nordspissen av Sotra. Varden vart reist i 1896. Han er mura opp av gråstein og er tilnærma sirkelforma. Varden er ca. 5 m høg og tjørebreidd. Det er usikkert om ein eldre og mindre varde dannar kjerna i Turøyvarden. Varden er synleg langt til havs og er eit godt sjømerke. I dag er det eit mykje brukt utsynspunkt for turistar og lokale turfolk (⑩271).